

## Vestland fylkeskommune:

### Generell studiekompetanse på nett

Eid vidaregåande skule tilbyr vg4 påbygging til generell studiekompetanse på nett.

Har du fagbrev, men ønsker å ta generell studiekompetanse, kan du ta dette som nettskule.

Dette kurset har blitt ganske populært fordi fagarbeidarar kan ta utdanning medan dei er i arbeid.

Søknad på nett her: <https://www.vigo.no/nyvigo/vigo/adult>

### Inntakskrav Vg4

Oppnådd yrkeskompetanse med fag- og svennebrev.

### Fellesfag (645 timar/år)

Årstimar	Fag	Timar i veka
140 timar	Historie	5 timar
140 timar	Matematikk praktisk	5 timar
84 timar	Naturfag	3 timar
281 timar	Norsk	10 timar

### Fulltid/deltid

Det er mogleg å ta alle fire faga på full tid over eitt år eller på deltid over to år. Deltidselevar vel sjølve kva fag ein vil ta første og andre året. For elevar som har full jobb, kan det vere lurt å ta nettskulen på deltid. Elevar som tek alle fire faga og er i arbeid, må rekne med å jobbe ein del på kveldstid og i helgar med utdanninga.

Det er nettundervising kvar veke i alle faga. I tillegg er det fellesmøte/klasse møte kvar måndag morgon på nett. Fellesmøte og undervising blir teke opp, og elevar som er i jobb på dagtid, kan sjå undervisinga i etterkant.

### Vurderingar

Elevane får vurderingar både skriftleg og munnleg med lyd-/video-innlevering, og fagsamtale over Teams i kvart fag. I tillegg må elevane møte på ein vidaregåande skule, anten på Eid vgs eller ein privatistiskule i nærleiken av der ein bur, for heildagsprøver kvart halvår i faga norsk og matematikk.

### Eksamen

Eksamen blir vanlegvis teke på Eid vgs, eller ein privatistiskule i nærleiken.

### Spørsmål

Har du spørsmål til søknaden kan du ta kontakt med rettleiingstenesta, sjå lenke:

[Kontakt rettleiingstenesta via e-post eller telefon - Vestland fylkeskommune](#)

Har du spørsmål om nettskolen, kontakt Eid vgs:

Eid vidaregåande skule

Sophus Lie-vegen 3

Postboks 174

6771 Nordfjordeid

Telefon: 57 63 83 00

E-post: [postmottak.eidvgs@vlfk.no](mailto:postmottak.eidvgs@vlfk.no)